



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

September 1978

32. årg.

Livet med Gud

Hvorfor behøver vi å be til Gud, når han vet hvad vi trenger før vi ber? Spørsmålet kom fra en «Dagen»-leser nylig. I tvilende stunder har det streifet også meg. Det er flere svar på dette, men det er ett som veier tyngst. Jesus har sagt: «Be så skal dere få, let så skal dere finne, bank på, så skal der lukkes opp.» Gud har mer å gi, enn vi forstår å be om. Det er hjertets fortrolighet Herren søker og lengter etter å eie. Når vi er fortrolige med Ham, deler Han sine skatter med oss.

Denne vekselvirkning finner vi også i den daglige bibellesning. Ut fra egenopplevelse kan jeg vitne. Når jeg arbeider med «Ordet», arbeider Ordet med meg. Ved Guds ånds veiledning ser jeg lys i Guds lys.

Dette er noe stort, noe virkelig stort som det er verd å strekke seg etter.

Enda et område i Gudslivet må jeg ta med, og det er givertjenesten, den er dyrebare. Gud elsker en *glad* giver. Hvorfor fremheve den *glade* giver? Er ikke Herren glad for hver krone han kan få inn til sin sak? Slik jeg kjenner Ham fra bibelens blader, er han ingen fattigstakkels som trenger å tigge til sin sak. Hvem var hans rådgiver, ingen. Hvem gav han noe først? Her kommer vekselvirkningen inn igjen. Den glade giver har først fått noe fra Ham, som er rikdommens kilde. Det kan du være sikker på. Det er i Guds hjerte kjærligheten alltid begynner.

Johanne B. Helle.

Fleire „mursteinar“ til kyrkjesalen

I førre nummer av Kyrkjebladet (Nr. 5/78) blei det takka for ei gåve kr. 100,00 som var merka: «Ein murstein til kyrkjesalen ved Dale kyrkje.»

Sidan er det mange som har fylgt dette gode eksempel. I alt er det no kome inn kr. 1.400,00 til kyrkjesalen på denne måten. Me takkar hjartelig alle glade gjevarar, og vonar mange fleire vil stø planen om å få reist dette mykje turvande tilbygget til Dale kyrkje. Kyrkjesalen var teikna inn då kyrkja var bygd, og Dale kyrkje er ikkje ferdig bygd før denne salen er kome med. Den skal brukast til arbeid i kyrkjelyden, — arbeid blant barn, unge og eldre. Det har vore eit stort sagn, og eit tap for bygda at denne salen ikkje er kome med endå.

Gåvor til kyrkjesalen kan gjevast til soknepresten, eller betalast inn direkte på bankboka som ligg i Bruvik Sparebank.

Helsing og takk til alle glade gjevarar.

Lars Bjørsvik.

Attersyn og framsyn

Det er stille vårkveld. Eg sit her ute i hagen, og alt er so vakkert med lauvskog og blomar. Føler litt vemod blanda med gleder i lovnaden om ein endå betre vår eingong.

Minni går tilbake til barneheimen her. Seinare ungdomsåra i Vedåfjorden, den vakre gard, og dei vakre lidar med høge fjell og nutar. I båt til kyrkja eller handelsmannen, i

storm eller stilla, der fekk ein øva seg på sjøen, som seinare vart eit langt livsykke.

Seinare atter hertil, der me fekk stifta vår eigen heim, der dei ljose minne er meisla fast i hugen. Her fekk ein ankerfeste i det kristne livsyn, og elles felles interesser. Dei små sår som ein gjerne fekk i eit beinhardt livsykke er lett å gløyma, men dei sår som tunga i uforstand gav, ligg meir i minnet, men i mange slik høve finn me alle trøyst i Esaias 43,25.

Når ein tenkjer tilbake på åri frå vogga til no i eldre år, ser ein gjerne litt av konturane av Englevakter som hev verna både lekam og sjel.

No ein er nærare 80 år enn 70, er det meir eller mindre begrensing kor mykje der er att på timeglaset, men når livsveven er ferdig, og skyttelen er slutta å slå, då tek Gud teppet til side og let oss forstå kvifor dei myrke trådar er like naudsynt som dei gyldne sett med Guds augo.

Anders Kaastad.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvare
Frukt og grønnsaker

Dale Fabrikkutsal

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstýrar:

Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.

Medarbeidarar:

Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og
Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese & Co. Trykkeri

5610 Øystese. — Tlf. 540.

VELKOMEN



Mange er dei som har spurd når «nyepresten» kjem. Førebels er det berre flyttelasset som er kome på plass, men den 12. september tiltrer Lars Dagfinn Lofthus tenesta i Vaksdal. Den fyrste gudstenesta vert den 17. september i Bergsdalen, men sjølve innsetjinga vert ikkje før den 1. oktober. Det vert i Vaksdal kyrkje. Då kjem prost Østveit frå Voss som skal stå for sjølve innsetjinga. Sei-

nare kjem det innsetjing på innsetjing rundt om i dei mange kyrkjene. I Dale kyrkje vert det søndagen etter, den 8. oktober, og på Stamnes den 15. oktober. Vidare vert det innsetjing på Eidsland den 22. okt., i Bergsdalen den 29. okt., Nesheim den 5. nov. og Flatekval den 26. nov. Me bed kyrkjelydane merka seg desse dagane og nyttar høve å ynskja «nyepresten» velkomen. M. S.

Å mumle lovsongar

Skulegudstenester er ikkje noko nytt i Vaksdal, men det var som å vera med på noko nytt då det var skulegudsteneste på Eidslandet like før ferien. Det nye var ikkje at elevane tok del med song og musikk og skriftlesing i gudstenesta, heller ikkje at dei var med i klokkeårnet, tende lysa på alteret og gjorde dei tinga som kyrkjetenar og klokkar gjer. Nei, det som gjorde gudstenesta fyrst og framst til ei oppleving, var korleis dei hadde lærd seg den nye liturgien. Det var ikkje berre noko ein kunne, men ein merka den glade lovsongstonen som den nye liturgien er så rik på, men som så ofte manglar. Det vert så altfor mykje lovsongsmumling. Eg trur ein må vera flinkare til å nytta heftet «Ordning for høgmesse». Ein vert sikrare og syng meir ut. Eller kan hende liknande skulegudstenester er vegen å gå? M. S.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

HAN FEKK IKKJE STEIN PÅ GRAVI

I ungdommen var eg ofte inne i stova hans Ole Kalvik. Han hadde alltid so god tid til å snakka med meg. I stova hans såg eg talgeljos, oljelampe, Bibel og gjerne siste nummer av Misjonstidende. Og han ville helst snakka om det som stod i desse skrifter.

Ole var egentleg frå Kallestad, men vart i seinare år gift med ei enkje frå Lunde på Voss.

Siste gongen eg tala med han, var på fødselsdagen då han fylte 103 år!

«Du kan vel ikkje vera her åleine no lenger», sa eg.

«Å jau, det kan eg», svara han, «for han Hans Brørvik ser ofte inn til meg, og ber ved inn til meg».

«Ja, men om morgonen når det er kaldt og mørkt, kor går det då når du vaknar?» spurde eg.

«Jau, eg hugsar kvar eg er og kveikjer i ljuset. Og når eg har kledt meg, legg eg i omnen. Det er so om å gjera når det er kaldt og mørkt, at me veit kvar me får ljøs og varme ifrå! Det gjeld både for lekam og sjel», svara han Ole.

Tre dagar etter når han Hans kom på sin vanlege morgontur, vakna ikkje han Ole til fleire kalde dagar på jordi. Han Anton Salhus, som var lærar og klokkar i Stamnes i 25 år, sa at me burde syta for at han Ole fekk stein på gravi. Dette var i januar 1940.

Men so kom 9. april, og me fekk anna å tenkja på. Dei frå Stamnes som fall i krigen vart gravlagde i nærleiken av gravi hans Ole.

Om hausten har der vakse blåklokker og ryllik på dei gamle sine graver. Ryllik såg eg gamle menn stappa i pipa når det ikkje har råd å kjøpa røykjetobakk.

Men han Ole brukte aldri hverken tobakk eller sterk drikk.

Sigurd Kallestad.

Nytt Bispedømeråd.

Det er vald nytt bispedømeråd for Bjørgvin for åra 1978—82. Medlemene er: Akademilektor Toralf Tveitén, Bergen, lærar Kari Johanna Håheim, Stord, kyrkjelydssekretær Inge Eik-sund, Naustdal, prost Gunnar Skrede, Volda, og biskop Thor With.

Nytt prostiråd.

Det nye prostirådet for tidsbolken 1978—82 er: Hans Soldal, Norheim-sund, Sigfrid Løvås, Ulvik, Norvald Vethe, Odda, Lasse Vassenden, Dale, Olaug Istad, Voss, Kjell Nese, Vossestrand og prost Østtveit.

Har du gamle kyrkjeblad?

Du skulle ikkje ha gamle kyrkjeblad liggjande ein eller annan stad? Vaksdal kyrkjeblad går nå i sin 32. årgang, men me har ikkje blada lenger attende enn til nr. 1/1969. Skulle du ha blad som er eldre ville me vera svært takksame å få supplert arkivet.

Hausvik og Faugstad 1/5

Vaksdal

Telefon 3603.

Vitjing frå Lærarakademiet.

Helga den 23.—24. september kjem Lærarakademiet på si årvisse vitjing. Det vert møter og gudstenester 7 stader i prestegjeldet vårt, så alle skulle få høve å gjera seg betre kjende med dette viktige tiltak og gje det si støtte. Det vert:

Nesheim laurdag kl. 20.00 ved pro-jektlear Olav Mjelstad.

Flatekval søndag kl. 11.00 ved pro-jektlear Olav Mjelstad.

Eidslandet søndag kl. 17.00 ved pro-jektlear Olav Mjelstad.

Stamnes søndag kl. 18.00 ved Knut Vabø.

Stanghelle laurdag kl. 19.30 ved aka-demilektor Einar Solli.

Dale kyrkje søndag kl. 11.00 ved aka-demilektor Einar Solli.

Vaksdal kyrkje søndag kl. 18.00 ved akademilektor Einar Solli.

75 nye konfirmantar.

Konfirmantlesinga har byrja for 75 nye konfirmantar. Dei fleste har og fått sitt konfirmanttestamente utdelt i heimekyrkja og vorte presentert for kyrkjelyden. Ein vil på dette vis minna kyrkjelyden om ansvaret ei har for konfirmantane. Konfirmanttida er inga enkel tid. Det er frå Dale og Stanghelle 36 konfirmantar. Frå Vaksdal er det 17 konfirmantar, frå Eidslandet 5, frå Stamnes 10, og frå Eiksingedalen 6 konfirmantar. Konfirmantlesinga er som tidlegare på ungdomsskolen på Dale og på Bergo. Ein vonar og dette året å få til gruppesamvær på dei lokale stadene.

Eldretur til Brekke i Sogn.

Omlag 50 eldre frå Stamnes og Eidslandet var laurdag den 26. august med på vellukka tur til Brekke i Sogn. Turen gjekk over Vikanes og på hotellet i Brekke fekk ein deilig middag og ein god kvil. Sokneprest Bjørsvik var med.

Kristentraua møter dagens røyndom.

Det er ikkje berre lett å vera ein kristen i dag, for dagens røyndom gjev så mange slag spørsmål:

— Korleis vedkjennast vi trua på Gud som Far og Skapar i ei verd med økologiske problem, ressurs-sløsing, teknifisering og terror — som kyrkje i det rikaste landet i verda?

— Korleis vedkjennast vi trua på Jesus Kristus som Herre og Frelsar i ei verd med hat og uforsonlegdom, med besteborgarlegskap og moralisme, med tru på udøyelegdom og humanistisk optimisme?

— Korleis vedkjennast vi trua på Den heilage Ande i ei verd med religiøs forvirring, med organisering av kyrkjeleg aktivitet, med skort på fellesskap, med politiske grenser og kjønnsroller?

Dette er nokre av dei spørsmåla som ein tek opp på Kyrkjedagane i Trondheim i august.

Verkar dei overveldande? Ja, men dei er sett inn i ei vonfull ramme: TRUA RUSTAR UT!

Det er eit hovedtema på Kyrkjedagane, men kan og vera det for ein kvar kristen kjenner presset frå dagens røyndom.

Kontaktar for kyrkjebladet.

Nesheim: Johan J. Gullbrå.

Flatekval: Kari Brekkhus.

Bergsdalen: Per Småbrekke.

Stamnes/Eidslandet:

Johannes Kaland.

Dale: Lasse Vassenden.

Vaksdal: Trygve Hvidsten.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTTE

Dale:

Gitt Boge, fødd 4.3.1978, døypt 3.6.
Frode Døssland Olsen, fødd 12.3.1978,
døypt 11.6.

Petter Tenold, fødd 30.3.1978, døypt
11.6.

Asbjørn Høiland Aarestad, fødd 6.4.
1978, døypt 25.6. i Sandnes.

Bjart-Magnus Rosvold, fødd 11.5. 1978,
døypt 9.7.

Venke Karin Mæland, fødd 27.3.1978,
døypt 9.7.

Marion Stamnes, fødd 25.4.1978, døypt
9.7.

Liv Irene Middleton, fødd 23.6.1978,
døypt 23.7. på Vaksdal.

Anne Hedvig Faugstad, fødd 19.4.
1978, døypt 30.7.

Torgeir Kyrkjeteig, fødd 2.5.1978,
døypt 20.8.

Ola Morten Teigen, fødd 16.6.1978,
døypt 20.8.

Stian Tveit, fødd 17.5.1978, døypt 20.8.
Marius Reigstad, fødd 10.6.1978, døypt
20.8.

Vaksdal:

Sture Vågenes Larsen, fødd 10.3.1978,
døypt 11.6.

Tor Inge Vevatne, fødd 2.5.1978,
døypt 11.6.

Glenn Jacobsen, fødd 4.5.1978, døypt
23.7.

Liv Irene Middleton, fødd 23.6.1978,
døypt 23.7.

Marie Therese Melcher, fødd 11.7.
1978, døypt 13.8.

Cathrine Magnussen, fødd 1.7.1978,
døypt 27.8.

Stamnes:

Daniel Kvamme, fødd 17.4.1978,
døypt 2.7.

Anders Toskedal, fødd 23.4.1978,
døypt 2.7.

Marion Stamnes, fødd 25.4.1978,
døypt 9.7.

Reidar Gullbrå, fødd 30.7.1978, døypt
27.8.

Eidslandet:

Narve Møster, fødd 13.6.1978, døypt
6.8.

Flatekval:

Thomas Flatekval, fødd 11.4.1978,
døypt 9.7.

KONFIRMERT

Dale:

Per Birger Fosse, konfirmert den
20. aug. 1978.

VIGDE

Dale:

Ove Arild Jakobsen og Torhild Geit-
le vigde 17.6.1978.

Viggo Storhaug Larsen og Elbjørg
Aadland vigde 1.7.1978.

Johnny Tveit og Tove Lise Berge,
vigde 5.8.1978.

Jan Røysum og Elles Karin Espe-
land, vigde 26.8.1978.

Vaksdal:

Sven Haugland og May Britt Eide
vigde 7.7.1978.

Stamnes:

Asbjørn Odd Steinsland og Marry
Vedaa vigde 9.7.1978.

Flatekval:

Olav Nese og Britt Bruvik, vigde 29.7.
1978.

Nesheim:

Kjell Ure og Ida Fjellanger, vigde
19.8.1978.

AVLIDNE

Dale:

Erling Lilleskaret, fødd 6.12.1909,
døydde 30.5.1978, gravlagd 6.6.

Ole Lie, fødd 2.8.1902, døydde 31.5.
1978, gravlagd 7.6.

Anker Kvamme, fødd 14.11.1921,
døydde 5.6.1978, gravlagd 10.6.

Gudve Seim, fødd 21.8.1889, døydde
10.6.1978, gravlagd 17.6.

Dortheus Roe, fødd 1.2.1913, døydde
25.6.1978, gravlagd 30.6.

Anna Boge, fødd 17.5.1883, døydde
7.7.1978, gravlagd 14.7.

Olav Prestegård, fødd 27.8.1903, døyd-
de 12.7.1978, gravlagd 18.7.

Dagmar Seim, fødd 4.12.1895, døyd-
de 28.7.1978, gravlagd 4.8.

Karl Emil Rolland, fødd 7.10.1885,
døydde 29.7.1978, gravlagd 5.8.

Anders Nesheim, fødd 17.3.1902, døyd-
de 9.8.1978, gravlagd 15.8.

Vaksdal:

Ole Thunes, fødd 20.3.1902, døydde
1.6.1978, gravlagd 7.6.

Inger Vaksdal, fødd 20.6.1920, døyd-
de 30.6.1978, gravlagd 5.7.

Anna Boge, fødd 7.7.1883, døydde
7.7.1978, gravlagd 14.7.

Solveig Faugstad, fødd 24.2.1910,
døydde 24.8.1978, gravlagd 30.8.

Stamnes:

Erik Toskedal, fødd 23.11.1890, døyd-
de 8.7.1978, gravlagd 13.7.

Astrid Mellesdal, fødd 20.12.1921,
døydde 2.8.1978, gravlagd 9.8.

Eidslandet:

Einar Eide, fødd 12.8.1907, døydde
6.7.1978, gravlagd 12.7.

Velkommen til kyrkje

17. s. e. pinse, 10. sept. (Lk. 7, 11—17.)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Steinnes. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Bjørsvik. Nattverd. Offer til Menig-
hetsfakultetet.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Finn Halle Tvedt. Vitjing frå Arna.

18. s. e. pinse, 17. sept. (Joh. 8, 31—36.)
Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Res. kap.
Lofthus. Nattverd. Offer til Fagertun
leirstad. Konfirmantpresentasjon.

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd. Offer til Santalmisj.

19. s. e. pinse, 24. sept. (Mk. 10, 17—27.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Akademilektor Einar
Solli. Offer til Norsk Lærerakademi.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Akademilektor
Einar Solli. Offer til Norsk Læreraka-
demi.

20. s. e. pinse, 1. okt. (Joh. 9, 1-7 + 35B-38)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Innsetjing av
res. kap. Lars Dagfinn Lofthus ved
prost Østtveit. Offer til Menighetsfakul-
tetet.

21. s. e. pinse, 8. okt. (Mk. 10, 13—16.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Innsetjing av res.
kap. Lofthus. Song av kyrkjekoret.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest
Steinnes. Nattverd.

22. s. e. pinse, 15. okt. (Mt. 11, 25—30.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Innsetjing av
res. kap. Lofthus. Song av Damekoret.

23. s. e. pinse, 22. okt. (Mt. 18, 15—20.)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Innsetjing av
res. kap. Lofthus. Nattverd. Offer til
Norsk Luthersk Misjonssamband. Song
av Eidslandet blanda kor.

Bots og Bededag, 29. okt. (Jes. 55, 6—7.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste
ved sokneprest Steinnes. Utdeling av
«Mi kyrkjebok». Offer til soknerådsar-
beidet. Song av Barnekoret.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Innsetjing av
res. kap. Lofthus. Offer til Menighets-
fakultetet.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015		
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTIS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{5}$

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER**

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{5}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

**Arth. og Arne Vaksdal
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning

5 eks.

5270 VAKSDAL

Res.kap. Magne Olav Steines